



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 11.12.2024: Jordbruket på Vestlandet i 2023

Nedgang i jordbruksinntekta for vestlandsbonden i 2023

Vestlandsbonden fekk ei jordbruksinntekt på 336 800 kroner per årsverk i 2023, ein nedgang på kr 58 000 frå 2022. På landsbasis gjekk jordbruksinntekta ned med kr 128 600 til kr 363 900 per årsverk.

Mjølkebruka på Vestlandet fekk redusert inntekta med 30 prosent samanlikna med året før. Gardsbruka med sau hadde ein nedgang i inntekta på 17 prosent. Frukt- og bærproduzentane hadde ein auke på 49 prosent grunna høgare avlingar enn året før.

Stor nedgang for mjølkebonden

Mjølkeproduzentane si inntekt gjekk ned med 30 prosent frå 2022 til 2023, og fekk ei gjennomsnittsinntekt på kr 297 600 per årsverk. Den viktigaste forklaringa på nedgangen var stor auke i driftskostnader, samstundes som produksjonsinntektene frå mjølk og kjøtt ikkje auka frå 2023.

Sau ned

For sauebruka var gjennomsnittleg jordbruksinntekt på kr 156 000 per årsverk, ein nedgang på kr 32 900, eller 17 prosent frå 2022.

Frukt- og bærproduksjon hadde oppgang

For frukt- og bærproduzentane var 2022 eit år med dårlege avlingar og svakt økonomisk resultat. 2023 vart mykje betre grunna normale avlingar, og jordbruksinntekta gjekk difor opp med 49 prosent frå 2022 til 2023, og vart kr 616 300 per årsverk.

Høge investeringar, auka rentekostnader, men uendra gjeld.

Nettoinvesteringane på vestlandsbruka auka mykje i 2023. I gjennomsnitt investerte vestlandsbøndene kr 352 200 i 2023 mot kr 102 000 året før. Nettoinvesteringane for landet låg på kr 229 800. Rentekostnadene auka med 65 prosent, frå kr 105 800 til kr 175 000 i gjennomsnitt for driftsgranskingsbruka på Vestlandet.

Jordbruksfrådrag

Jordbruksfrådraget vert fastsett i jordbruksoppgjeret. For 2023 var maksimalt frådrag kr 195 000. Inntektsverknad av jordbruksfrådrag er rekna til kr 33 400 per årsverk for 2023. Dette kjem i tillegg til jordbruksinntekta, og inngår ikkje i nokon av resultatmåla over. Samla årsverksinntekt blir da kr 370 200, ein nedgang på 14 prosent frå 2022.

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er ei årleg rekneskapsundersøking blant tilfeldig utvalde gardsbruk frå heile landet. I 2023 var det med 938 bruk, der 193 var frå Vestlandet; 124 frå Vestland fylke og 63 frå Møre og Romsdal. Jordbruksinntekt er målt som løn til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk.

Kontaktpersonar ved NIBIO

Erik Gran

Seniorrådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 414 11 486

E-post: erik.gran@nibio.no

Patrycja Magdalena Klimek

Rådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 466 34 754

E-post: patrycja.klimek@nibio.no